

## Møteprotokoll

---

**Utval:** Kinn kontrollutval  
**Møtestad:** Rådhuset i Måløy - Formanskapsalen  
**Dato:** 04.11.2021  
**Tid:** Kl. 10:00 – 14.10.

---

<b>Medlemmar som møtte</b>	<b>Representerer</b>	<b>Funksjon</b>
Aud Norunn Vig		medlem
Bjørn Hollevik		nestleiar
Helen Hjertaas		medlem
Kjell Heggen		leiar
Tom Andre Hopland		medlem

### **Andre som møtte**

Vest kontroll:

Jostein Støylen. Dagleg leiar.

Jorunn Sandal. Spesialrådgjevar.

Kommunen:

Terje Heggheim. Kommunedirektør. Gikk etter sak 60.

Måløy Asvo:

Betty Hessevik. Dagleg leiar. I sak 56-OS 12.

Ingolf Bergh. Styreleiar. I sak 56-OS 12.

Nordfjord Havn IKS:

Kjell Fagna. Dagleg leiar. I sak 56-OS 14.

Kristian Skibenes. Styreleiar. I sak 56-OS 14.

Vågsøy Parkering:

Jon Inge Henden. Dagleg leiar. I sak 56-OS 15.

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>
53/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	21/385
54/21	Godkjenning av protokoll	21/385
55/21	Skriv og meldingar	21/385
56/21	Orienteringar	21/385
57/21	Budsjett for kontrollarbeidet 2022 - Kinn kommune	21/459
58/21	Vedtaksoppfølging kontrollutvalet	21/385
59/21	Saker til eventuell seinare behandling	21/385
60/21	2. tertialrapport 2021, med revidert budsjett	21/478

Måløy, 06.11.2021

Kjell Heggen

## 53/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

### Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, med å ta opp tilleggssaka 60 - 2. tertialrapport 2021. Saka vert å behandle etter sak 54. Sak 56 OS 13 vert utsett til eit seinare møte.

### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

## 54/21 Godkjenning av protokoll

### Vedtak:

#### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

#### Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

## 55/21 Skriv og meldingar

### Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
17/21	Frå avisa kommunal rapport 16.09.2021 - Er det trygt å varsle til kontrollutvalet?
18/21	Frå kommunalrapport 19. august 21 - 4 av 10 rammet av datakrim
19/21	Veilder-internkontroll_oktober-2021
20/21	Årsmelding 2020-2021 - Mobbeombodet i Vestland

### Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende. Kontrollutvalet vil ta opp tilhøve som kom opp i sakene 58 og 59.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

**56/21 Orienteringar****Underliggende sak:**

<b>Saksnr.</b>	<b>Tittel</b>
12/21	Asvo Måløy AS - orientering og årsrekneskap
13/21	Måløy Vekst AS - orientering og årsrekneskap
14/21	Nordfjord Havn IKS - orientering og årsrekneskap
15/21	Vågsøy Parkering AS - orientering og årsrekneskap

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitende.

**Behandling:**

Orienteringsak (OS) 12/21 frå ASVO Måløy, ved dagleg leiar Betty Hessevik og styreleiar Ingolf Berg.

- Stabil stab.
- Må forklare overfor NAV kva dei har tenkt å bruke overskotet til.
- Stort fokus på HMS.
- Orientering og tiltak i 2021 og framover. Tilpassar seg endringar i tida. Fokus på berekraft.
- Det vart også orientert om produktspekter (bl.a. bakeri, gjenvinning, vedproduksjon, reinskjering av fiskegarn, stell av grøntareal, skiltproduksjon, graving).

Orienteringssak (OS)15/21 frå Vågsøy Parkering AS, ved dagleg leiar Jon Inge Henden.

- Det dagleg leiar gikk igjennom vert lagt som vedlegg på saka.

Orienteringssak (OS) 14/21 Nordfjord Havn IKS ved havnedirektør Kjell Fagna og styreleiar Kristian Skibenes.

- Det vart brukt PowerPoint som vert lagt på saka.

**Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

## 57/21 Budsjett for kontrollarbeidet 2022 - Kinn kommune

### Vedtak:

- Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2022 vart vedteke i sak 50/210 med ei ramme på 239.512.
- Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Vestland Revisjon for 2022, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
- Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2022 blir på kr 1.848.000.

### Dagleg leiar si tilråding:

- Kontrollutvalet sitt framlegg til eige budsjett for 2022 vart vedteke i sak 50/210 med ei ramme på 239.512.
- Kontrollutvalet tek til vitende budsjetta for Vest kontroll og Vestland Revisjon for 2022, då vedtaksmynde for budsjettet ligg til representantskapa i selskapa.
- Kontrollutvalet tek til vitende at den samla ramma for kontrollarbeidet i 2022 blir på kr 1.848.000.

## 58/21 Vedtaksoppfølging kontrollutvalet

### Vedtak:

Kontrollutvalet viser til behandling av saka og tilhøve som er teke opp der for oppfølging og tek elles gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

### Behandling:

Kontrollutvalssak 18/21 og 44/21. Forvaltningsrevisjon inna pleie og omsorg.

Vedtak sak 126/21 i kommunestyret:

"Kommunestyret ønskjer at forvaltningsrevisjon vedr. arbeidssituasjonen innan pleie og omsorg vert gjennomført tidsnok til at kommunestyret kan ta omsyn til ev. funn og tilrådingar i saka i budsjettføreavinga i desember."

Under føresetnad at forvaltningsrevisor vert ferdig med forvaltningsrapporten før den 01.12.2021 vil kontrollutvalet prøve å få til eit ekstrasamøte veke 49.

Det inneber då at kommunedirektøren gir si tilbakemelding til revisor på svært kort tid etter han får rapporten til uttale.

Under desse førestnadane kan ein oppnå kommunestyret sine ynskjer om å få

behandla rapporten i kommunestyremøtet 14.12.2021. Saka må i så fall ettersendast som tilleggsinnkalling.

Sak 43/21. I samband med kommunalsjef for oppvekst si orientering ynskjer kontrollutvalet å få satus vedkomande innføring av ny barnevernreform. Kontrollutvalet ser også fram til at den nye kommunalsjefen får presentere seg.

Sak 51/21. Kontrollutvalet stilte spørsmål om status for saka om avtale mellom Bistro to kokkar og Smfunnshuset. Sekretariatet opplyste at kommunedirektøren ikkje var kome i mål med avtalen. Kontrollutvalet ynskjer orientering frå kommunedirektøren om status.

#### **Dagleg leiar si tilråding:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

### **59/21 Saker til eventuell seinare behandling**

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet ber sekretariatet avtale med kommunedirektøren om orienteringane, så langt mulig i desembermøtet for utvalet.

#### **Behandling:**

Kontrollutvalet ynskjer om mulig på neste møte å få orientering om flg.:

- Generell orientering om Compilo avvikssystem fungerer etter intensjonane.
- Varslingssaker. Kommunedirektøren sa i møtet at han gjerne vil orientere om dette temaet. Korleis rutiane er, om tilsette kjenner til varslngssystemet og om nytilsette vert informert om det. Utvalet vil ha oversikt over kor mange varslingsaker som er komne inn og kva er status for dei varsla sakene. Kommunediretøren må orientere først - deretter vil kontrollutvalet har orientering frå hovudverneomboda.
- Sikring i høve datakriminalitet: Har kommunen forsikring i høve datainnbrot. Kommunen sitt ansvar dersom det blir datainnbrot som råkar den enkelte tilsette og politikarar som er pålagde å bruke sin personlege id for innlogging på kommunale system. Har kommunen forsikring som evt. dekker slik.
- Held kommunen om v/PPT tidsfristane vedkomande svar på enkeltsaker. Utvalet vil også har tilbakemelding på kor mange saker som per dato ikkje er følgde opp.
- Korleis mobbing vert takla, følgde opp og dokumentert i skuleverket. Kontrollutvalet ser på dette som ei oppfølging av tidlegare orientering frå dåvarande kommunalsjef Ellen Jåvold hausten 2020, Jf sak 68/20 Oppfølging av tilsynsrapport frå Statsforvaltaren - Skulen si aktivitetsplikt for å sikre elevane eit trygt og godt arbeidsmiljø.

## **60/21 2. tertialrapport 2021, med revidert budsjett**

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek tertialrapporten med revidert budsjett og finansinformasjon for 2. tertial 2021 til vitende.
2. Kontrollutvalet er svært uroa for den økonomiske utviklinga og ber igjen kommunestyret ta tilstrekkelege grep om kommunen sin stadig meir alvorlege økonomiske situasjon, jamfør vår uttale til årsrekneskapen 2020 punkt 5.

### **Behandling:**

Sekretariatet orienterte, då saka vart seint utsendt. Kommunedirektøren svara på spørsmål og orienterte.

### **Tilråding:**

1. Kontrollutvalet tek tertialrapporten med revidert budsjett og finansinformasjon for 2. tertial 2021 til vitende.
2. Kontrollutvalet er svært uroa for den økonomiske utviklinga og ber igjen kommunestyret ta tilstrekkelege grep om kommunen sin stadig meir alvorlege økonomiske situasjon, jamfør vår uttale til årsrekneskapen punkt 5.